

Lite, men eksklusivt

24.07.2009



**Det er ikkje berre Fred Olsen som sender dei velvaksne cruisebåtane sine gjennom Storsund denne sesongen.**

**Også det vesle, men eksklusive skipet Hebridean Ekspress har passert oss.**

**Det skjedde seinast ved middagstider fredag og då var båten på veg innover (biletet over).**

Det står å lesa i leksika at båten, som har basen sin i Oban på vestkysten i Skottland, har plass til berre 49 gjester i 30 lugalar.

Denne sesongen seiler han ikkje berre rundt i skotske farvatn samt mellom øygruppene i nord, men er også innom Noreg og vestkysten av Irland under rundturar som varar mellom fire og åtte dagar.

Det står i skrytebrosjyra at båten er kjend for sin spesielle service, gode mat og vin og sitt vennlege mannskap. No har båten sigla i 19 sesongar.

Og som ei stadfesting av at Storsund er ein attraktiv siglingsled. passerte ei ikkje identifisert yacht ved 16-tida og vart fotografert av Knut A. Myklebust (under).

Er det nokon som kjenner den?

(Av Ola Matti Mathisen)

